



Møtebok Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 29. januar 2024 kl. 1700-2030

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Nils Vetle Medhus, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba

Forfall: Anna Seim, Anita Rabba

Andre til stades på møtet: Arve Hagen, Trond Rabbe Myrheim, Håkon Småbrekke, Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 5.2.2024

Saker til styremøtet:

Sak 01/24: Meldingssaker

Sak 02/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 03/24 Godkjenning av årsrekneskap 2023

Sak 04/24: Godkjenning av årsmelding 2023

Sak 05/24: Val av kasserar for 2024-2027

Sak 06/24: Godtgjering styret

Sak 07/24: Regulering av prisar for 2024

Sak 08/24: Budsjett 2024

Sak 09/24: Val av representant til villreinutvalet for 2023-2027

Sak 10/24: Diverse fullmakter til leiar

Sak 11/24: Møteplan 2024

Sak 12/24: Val av vararepresentant til styret i FH as

Sak 13/24: Infosak – Utlysing av ledig beite på Haukeli frå 2025

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Nils Vetle Medhus/s/

Anne Marie G. Rabba/s/



Sak 01/24: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2023.11.29-612.3 Villreinutvalet - Referat styremøte villreinutvalet 17.11.2023
2023.12.01-32 Ullensvang kommune - Varsel om oppstart temaplan for klima, miljø og energi
2023.12.01-612.3 Statsforvalteren i Oslo og Viken - Oversendelse av utkast til tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2023.12.13-035.0 Tilsynsutvalet - Løyve til å byte tak på uthuset ved Eriksbu
2023.12.14-43 Røldal fjellstyre - Søknad om skuterløyve i samband med arbeid på uthus Ninive
2023.12.14-43 Røldal fjellstyre - Søknad om skuterløyve i samband med byte av tak på uthus Eriksbu
2023.12.14-43 Røldal fjellstyre - Søknad om skuterløyve til uttransport av båtvrak 2024
2023.12.19-37 NVE - Høyring på søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget
2023.12.19-43 Tilsynsutvalet - Løyve til transport i samband med byggearbeid på uthuset ved Eriksbu
2023.12.19-43 Tilsynsutvalet - Løyve til transport i samband med byggearbeid på uthuset ved Ninive
2023.12.19-43 Tilsynsutvalet - Løyve til transport i samband med rydding av båtvrak på Røldal statsallmenning
2023.12.28-612.3-Setesdal Ryfylke Villreinlag - Tidsplan for arbeidet med bestandsplan 2024-2029
2024.01.04-642.2.1 Ullensvang fjellstyre - Fordeling av omsetnad frå fellesfiskekortet 2023
2024.01.05-37 Røldal fjellstyre - Høyringsinnspel til søknad om dispensasjon frå konsesjonskrav i Kjelavassdraget
2024.01.13-43 Røldal fjellstyre - Førespurnad om grunneigars løyve til motorferdsel
2024.01.13-43 Røldal Grunneigarlag - Grunneigars løyve til motorferdsel 2024-2027
2024.01.14-057 Røldal fjellstyre - Søknad om grunneigars løyve til etablering av permanent båtopplegg i Røldal statsallmenning

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar hadde ein kort gjennomgang av meldingssakene.

Vedtak (sak 01/24):

Styret tek orienteringa til vitande.



Sak 02/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Hyttebøkene er endeleg digitalisert! Originalane vert no, i alle fall midlertidig, oppbevart av bygdamuseet. Bøkene er i for dårleg stand til at det kan vere aktuelt å køyre desse ut at i felten. Digitale kopiar er gjort tilgjengeleg, men det vil vere eit sagn om ein ikkje kan lese i desse i hyttene. Tor Helge ynskjer difor å trykke opp fysiske kopiar av bøkene.
- Fjellstyret gav eit sesongfiskekort i Bingopremie til 9. og 10. klasse.
- Fjellstyret har mottatt økonomisk støtte til diverse prosjekter. Pga. desse, vil det i næraste framtid bli handla inn påhengsmotorar, båtar, kjøkkeninnredning og gasskomfyr til Ninive. Det er òg inngått avtale med Olav Hagen om diverse snikkararbeid på alle tre hyttene. Ein er i gang med å samle inn dei nødvendige løyva for å få gjennomført prosjekta som planlagt.
- Tor Helge har starta dialog med Ullensvang kommune med intensjon om å godkjenne Røldal statsallmenning til eige elg- og hjortevald.
- Fjellstyret har ikkje fått noko tilbakemeldingar/respons frå Statskog angående Breifonn statsallmenning.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

- Tor Helge informerte om hyttebøkene. Planen vidare er å forsøkje og trykke opp kopiar av desse, slik at ein får fysiske kopiar av bøkene i hyttene. Det kom forslag om å publisere link til dei digitale hyttebøkene på heimesida.
- Kort orientering om pågåande prosjekt, og planlagde innkjøp i nærmaste framtid.
- Fjellstyret diskuterte moglegheitene om å opprette eige elg- og hjortevald.
- André presenterte førebelse planar om nybygg i regi av idrettslaget og marknaden. Tor Helge forklarte vidare at fjellstyret har hatt samtalar med marknaden om å moglegheitene for å kunne disponere eit eige areal i tilfelle marknaden gjekk vidare med sine eigne planar om nybygg. Det var einigheit i styret om at fjellstyret sitt behov primært vil vere eit eige rom til lagring/oppbevaring av utandørsutstyr, som til dømes ved og fiskeutstyr. Sekundært kan det vere eit framtidig behov å ha ein god stad å oppbevare arkiv, og anna utstyr som ikkje tålar oppe lager. I denne samanheng vil fjellstyret òg vere positiv til etablering av eit felles møtelokale.



Vedtak (sak 02/24):

- Røldal fjellstyre søker Ullensvang kommune om eige elg- og hjortevald.
- Fjellstyret signaliserer sitt behov for å disponere eit eige utelager, til dømes eit eige garasjeløp, til prosjektgruppa som arbeider med nybygg. Fjellstyret er inneforstått med at meirkostnadar dette påfører prosjektet, skal dekkjast av fjellstyret.

Sak 03/24 Godkjenning av årsrekneskap 2023

Saksdokument:

- Rekneskap 2023
- Kontospesifikasjon 2023

Saksutgreiing (THHT):

Rekneskapen for 2023 visar eit overskot på kr 290 049. Dette på tross av at utgiftene i 2023 har vore store, om lag kr 1 046 000. Fjellstyret kjem likevel godt i frå det, då fjellstyret i 2023 har fått utbetalt mykje stønad. Dette er tildelt av fleire forskjellige aktørar, for prosjekter gjennomført i 2022, 2023 og planlagt i 2024. Ein har nytta høvet til å auke verdien til bygningsmassen i rekneskapen, og «kamouflerer» på denne måten både noko av inntektene og utgiftene.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre godkjenner rekneskapen for 2023 med atterhald om revisors godkjenning.

Referat:

Gjennomgang ved leiar. Det var ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak (sak 03/24):

Røldal fjellstyre godkjenner rekneskapen for 2023 med atterhald om revisors godkjenning.



Sak 04/24: Godkjenning av årsmelding 2023

Saksdokument:

- Utkast årsmelding 2023

Saksutgreiing (THHT):

Visar her til årsmeldinga i sin heilheit.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner årsmeldinga for 2023.

Referat:

Det var ingen merknadar til framlegg til årsmelding.

Vedtak (sak 04/24):

Røldal Fjellstyre godkjenner årsmeldinga for 2023.

Sak 05/24: Val av kasserar for 2024-2027

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyre må ta stilling til korleis ein skal løyse «kasseraroppgåvene» i neste fjellstyreperiode. Randi har vore kasserar sidan 2012. Tor Helge har prøvd å frista ho til å fortsetje, men ho ynskjer no å fråtre frå denne vervet. Primært ville underteikna då at sekretæren skulle overtatt rekneskapsarbeidet. Slik ståa er no, vil dette ikkje vere hensiktsmessig i 2024. Gode forslag vert mottatt med takk!

(Fjellstyret nyttar Fonna Økonomi som rekneskapsførar.)

Framlegg til vedtak:

Ingen.



Referat:

Ulike alternativ blei drøfta. Det var semje om å utsetta val av kasserar til neste møte.

Vedtak (sak 05/24):

Val av kasserar blir utsett til neste møte.

Sak 06/24: Godtgjering styret

Saksdokument:

Saksutgreiing (SL):

Jamfør fjellova § 7 skal fjellstyremedlemmene ha «rimeleg godtgjersle» for arbeidet. Godtgjersla, som blir utbetalt frå fjellkassa, skal fastsettast av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret.

Røldal FS har i fjellstyreperioden 2020-2023 hatt desse satsane for godtgjering (vedtatt i sak 08/20):

- Leiar: 15.000,- pr år (justert i 2020, opp frå kr 12 000 vedtatt i 2016)
- Kasserar: 5.000,- pr år (justert i 2020, opp frå kr 3 000 vedtatt i 2016)
- Godtgjering for interne møte i Fjellstyret: kr 600,- (uendra sidan 2016)
- Halv sats for e-postmøter, eller teams-/telefonmøte under 60 minutter. (Møter over 60 minutter vert rekna som internt møte.)
- Godtgjering for møter der ein representerar Fjellstyret: Røldal Fjellstyre følger sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.
- Køyregodtgjering: Røldal Fjellstyre dekker køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.
- Kompensasjon for bruk av telefon for leiar: 3.000,- pr år (uendra sidan 2004)
- Kompensasjon for bruk av telefon for kasserar: 500,- pr år

Ullensvang kommune har enno ikkje gjort vedtak om godtgjersleordninga for folkevalde for inneverande periode.

Framlegg til vedtak:

Ingen.



Referat:

Styret samla seg om å foreslå fyljande godtgjersle for fjellstyreperioden 2024-2027:

- Leiar: 20.000,- pr år
- Kompensasjon for bruk av telefon for leiar: 3.500,- pr år
- Kasserar: 8.000,- pr år. Dette inkluderer frå no av kompensasjon for telefon.
- Godtgjering for interne møte i Fjellstyret: kr 800,-
- Halv sats for e-postmøte, eller teams-/telefonmøte under 60 minutt. (Møte over 60 minutt vert rekna som internt møte.)
- Godtgjering for møter der ein representerer fjellstyret: Røldal fjellstyre føl sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.
- Køyregodtgjering: Røldal Fjellstyre dekker køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.

Vedtak (06/24):

Røldal fjellstyre foreslår fyljande godtgjersle for styrearbeidet i fjellstyreperioden 2023-2027:

- Leiar: 20.000,- pr år
- Kompensasjon for bruk av telefon for leiar: 3.500,- pr år
- Kasserar: 8.000,- pr år
- Godtgjering for interne møte i fjellstyret: kr 800,-
- Halv sats for e-postmøte, eller teams-/telefonmøte under 60 minutt. (Møte over 60 minutt vert rekna som internt møte.)
- Godtgjering for møter der ein representerer fjellstyret: Røldal fjellstyre føl sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.
- Køyregodtgjering: Røldal Fjellstyre dekker køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.



Sak 07/24: Regulering av prisar for 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Det er forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerar maksprisane på Statsallmenning.

Røldal FS ligg i dag på makspris fiskekort og på dei fleste av småviltjaktkorta. På reinsjakt ligg Røldal FS langt under prisrammene. Det må seiast at det er mange år sidan det har vorte seld reinskort enkeltvis, og at prisen nok difor ikkje er representativ.

Leiar vil tilrå å avvente fastsetjing av fellingsløyve på reinsdyr, til ein veit korleis reinsjakta vert i 2024.

Gjeldande prisar på Røldal SA i 2023:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følgje med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	750,-	Kalv	1500,-
Simle/Ungdyr	1400,-	Simle/Ungdyr	2800,-
Bukk	1500,-	Bukk	3000,-
Fritt dyr	2200,-	Fritt dyr	4400,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua pr år	250,-		n/a
I Eriksbu og Gamlabua fem år	1000,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	26 100,-		
Midtfjellsvollen	18 100,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Døgnkort Votna: Fjellstyret endra tal kort tilgjengeleg for sal frå 20 døgnkort pr sesong til to døgnkort pr døgn, elles med dei same reglane som før.

Generelt meiner sakshandsamar at det der rett å ligge på prisrammer på både småviltjakt og fiske med stong. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare som er lett å selje. Det vart i 2021 vedtatt nye satsar i forskrifta, og fjellstyret justerte i 2022 sine prisar opp i samsvar med desse.

Unntaket er sesongkort for småviltjakt. Underteikna føreslår å halde prisen på dette uendra.

For villreinjakta sin del så er ikkje prisramma i nærleiken av det ein kan ta for jakta på Hardangervidda. Røldal FS har nok mest sannsynleg dei rimelegaste reinskorta på SA på Hardagervidda i dag. Underteikna meiner fjellstyret også framover må tilby jegerane billige fellingsløyve på rein.

Sakshandsamar meiner fjellstyret må strekke seg langt for å stimulere til auka rekruttering, og føreslår å vidareføre prisrabatten for ungdom og studentar.

Prøveordning med sal av døgnkort på garnfiske i Votna til utanbygdsbuande resulterte i få selde kort i 2023. Sakshandsamar finn difor ingen argumenter for å ikkje vidareføre dette tilbodet i noverande form.



Underteikne foreslår å videreføra dugnadsprisane, om fjellstyret meiner at dette har fungert tilfredsstillande.

Nytt av året er at underteikna foreslår å innføre vekeskort på garnfiske for innanbygds.

Beiteleiga:

- Beitet i Ståvassvikja er avtalt utleigd for kr 18 100 i 2024.
- Beitet i Nupshadlene er utleigd 1 år til i samsvar med gamal leigekontrakt. Leigebeløpet vert indeksreguler frå kr 23 000 i 2014.
- Beitet til Midtfjellsvodlen er utleigd 1 år til i samsvar med gamal leigekontrakt. Leigebeløpet vert indeksregulert frå kr 16 000 i 2014.

Framlegg til vedtak:

Forslag til prisar på Røldal SA i 2023:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
	Pris		Pris
Fiske med stong		Fiske med stong	
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følge med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	750,-	Kalv	1500,-
Simle/Ungdyr	1400,-	Simle/Ungdyr	2800,-
Bukk	1500,-	Bukk	3000,-
Fritt dyr	2200,-	Fritt dyr	4400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspis»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
I Eriksbu og Gamlabua fire år	800,-		
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Vekeskort garnfiske – Berre for innanbygds	150,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	31 000,-		
Midtfjellsvollen	21 500,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Referat:

Styret samla seg om framlegg til vedtak.

Endringane frå 2023:

- innføring av vekeskort garnfiske for innanbygdsbuande
- Fleirårig leige av oppbevaringsboks blir endra til fire år, slik at alle leigeavtalane går ut samtidig

Prisar for reinskorta blir ikkje vedteke før kvote og kortkategoriar er vedteke.

Vedtak (sak 07/24):

Fjellstyret vedtek fyljande prisar for 2024:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følgje med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	<i>Blir vedteke seinare</i>	Kalv	<i>Blir vedteke seinare</i>
Simle/Ungdyr		Simle/Ungdyr	
Bukk		Bukk	
Fritt dyr		Fritt dyr	
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
I Eriksbu og Gamlabua fire år	800,-		
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Vekeskort garnfiske – Berre for innanbygds	150,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	31 000,-		
Midtfjellsvollen	21 500,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		



Sak 08/24: Budsjett 2024

Saksdokument:

- Budsjett for 2024

Saksutgreiing (THHT):

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Tenestekjøp frå FHas som vedtatt i sak 32/23.
- Inntekter frå småviltjakt halvert sidan «toppåret» 2022.
- Inntekter frå reinsdyrkort tilsvarande som for 2023.
- Andre inntekter stort sett på same nivå, eller noko mindre, samanlikna med 2022.
- Auka inntekt frå beiteleige pga indeksregulering.
- Kostand til renovering av uthuset ved Eriksbu, Gamlabua og uthus på Ninive vert i budsjettet ikkje aktivert.
- Budsjettet vert sett opp med eit betydeleg underskot, noko som skuldast kostandar til renovering, utbetring og oppsetting av bygningsmasse, samt fullføring av «søppelreir-prosjektet», samt plastbåtprosjektet. Fjellstyret har fått utbetalt stønad til dei fleste av desse prosjekta i 2023. Tor Helge minnar om at underskotet må sjåast i samanheng med overskot tidlegare år, til dømes 2020, 2022 og 2023.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang ved leiar. Det var ingen merknadar til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 08/24):

Fjellstyret vedtek framlegg til budsjett for 2024.



Sak 09/24: Val av representant til villreinutvalet for 2023-2027

Saksdokument:

- Vedtekter villreinutvalet

Saksutgreiing (SL):

Villreinutvalet blir valt for fire år i slengen. Det nye utvalet byrjar perioden sin på våren året etter kommunevalet. Det blir valt eit medlem frå kvar av kommunane med areal i Hardangervidda villreinområde. Fordelinga av medlemmer i villreinutvalet føl kommuneinndelinga før 2020, difor er det to representantar frå Ullensvang kommune – tidlegare ein frå Odda og ein frå Ullensvang. FH (Fjellstyra på Hardangervidda) og HG (Hardangervidda Grunneigarsamskipnad) har fire representantar kvar i villreinutvalet. Representantane blir oppnemnd av dei to organisasjonane. Representanten frå kvar enkelt kommune skal veljast frå HG eller FH etter eit fast opsett (sjå figur under). Me er no i kolonne nr. 2 frå høgre.

For kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda vekslar det mellom to og tre representantar frå fjellstyra annankvar periode. I den komande perioden skal begge representantane frå Ullensvang kommune veljast av fjellstyra. Det er FH som formelt fremjar sine representantar til villreinutvalet, men praksis er at kvart enkelt fjellstyre vel sin kandidat. Tidlegare praksis har vore at Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre har hatt representant annakvar periode når representanten frå Odda kommune skulle vera frå fjellstyra. Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre må avklare seg i mellom kva for eit fjellstyre representanten frå tidlegare Odda kommune skal veljast frå. Ei løysing kan vera at representanten fast skal veljast frå Røldal fjellstyre. Eit alternativ er at representanten blir valt frå Ullensvang og Røldal annankvar gong – med resultatet at Ullensvang fjellstyre har to representantar i villreinutvalet dei periodane det skal veljast representant frå FH i både gamle Ullensvang herad og Odda kommune. Eit tredje alternative er at dei to fjellstyra blir einige seg i mellom om ein god kandidat til vervet dei gongene denne situasjonen oppstår.

Vinje	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Tinn	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Høl	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Ulvik	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH
Nore og Uvdal	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	SfH
Ullensvang	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH
Odda	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH
Eidfjord	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG

Framlegg til vedtak:

Ingen.

**Referat:**

- Kort orientering frå leiar om konsekvensane av vedtektsendringa i villreinutvalet. Det skal kvart fjerde år veljast 1 til 2 representantar frå fjellstyra i Ullensvang kommune. Einigheit om at ein må gå ha som utgangspunkt at kandidatane skal representere begge fjellstyra.
- Det var semje om å foreslå Andre Botnen som representant frå Røldal fjellstyre for 2024-2027.
- Fjellstyret foreslår fyljande ordning for fordeling av representantar mellom Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre:
 - Primært:
 - Ullensvang fjellstyre vel ein felles representant for dei to fjellstyra dei åra fjellstyra i kommunen har ein representant. Kandidaten kan veljast frå Røldal fjellstyre.
 - Dei to åra det er to representantar frå fjellstyra i Ullensvang kommune vert fjellstyra einige seg i mellom om ein god kandidat nr. 2.
 - Viss dei to fjellstyra ikkje blir einige ligg fyljande fordelinga til grunn: veksling mellom representant frå Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre annankvar periode, jamfør avtale mellom Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre før kommunesamanslåinga. For perioden 2024-2027 er det Røldal fjellstyre sin tur til å ha representant i villreinutvalet etter denne avtala.

Vedtak (sak 09/24):

Røldal fjellstyre foreslår Andre Botnen som representant frå Røldal fjellstyre i villreinutvalet 2024-2027.

Fjellstyret foreslår fyljande ordning for fordeling av representantar mellom Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre:

- Primært:
 - Ullensvang fjellstyre vel ein felles representant for dei to fjellstyra dei åra fjellstyra i kommunen har ein representant. Kandidaten kan veljast frå Røldal fjellstyre.
 - Dei to åra det er to representantar frå fjellstyra i Ullensvang kommune vert fjellstyra einige seg i mellom om ein god kandidat nr. 2.
 - Begge kandidatane kan veljast frå same fjellstyret.
 - Viss dei to fjellstyra ikkje blir einige ligg fyljande fordelinga til grunn: veksling mellom representant frå Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre annankvar periode, jamfør avtale mellom Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre før kommunesamanslåinga. For perioden 2024-2027 er det Røldal fjellstyre sin tur til å ha representant i villreinutvalet etter denne avtala.



Sak 10/24: Diverse fullmakter til leiar

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Leiar har i førre fjellstyre hatt fullmaktene vist under (vedtak i sak 48/20). Noverande fjellstyre må ta stilling til om dette skal vidareførast.

- Leiar får fullmakt til enkeltinnkjøp inntil 2500 kroner. Han informerer styret om eventuelle innkjøp på neste fjellstyremøte.
- Leiar vert gjeve fullmakt til å tildele gåver/premiar til diverse føremål. Gåvene skal vera anten jakt eller fiskekort til ein verdi inntil 2000 kroner for utanbygds. Pengegåver, eller sponing, skal godkjennast av fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Det blei drøfta om summen for enkeltinnkjøp bør hevast. Styret samla seg om framlegg til vedtak.

Det var og semje om at fjellstyret gir ei godtgjersle på 250,- i proviant pr person pr døgn på dugnadsarbeid.

Vedtak (sak 10/24):

- Leiar får fullmakt til enkeltinnkjøp inntil 2500 kroner. Han informerer styret om eventuelle innkjøp på neste fjellstyremøte.
- Leiar vert gjeve fullmakt til å tildele gåver/premiar til diverse føremål. Gåvene skal vera anten jakt eller fiskekort til ein verdi inntil 2000 kroner for utanbygds. Pengegåver, eller sponing, skal godkjennast av fjellstyret.

Fjellstyret gir ei godtgjersle på 250,- i proviant pr person pr døgn på dugnadsarbeid.



Sak 11/24: Møteplan 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for 2024. Under er eit forslag. Datoane er veiledane...

Møteplan Røldal Fjellstyre 2024	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 29.01	Sjå over...
Måndag 18.03	Høyring villreinutvalet villreinjakt, Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status stølar og hytter
Måndag 27.05	Diverse før sommaren, Røldalsmarknaden
Måndag 18.11	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte

I tillegg:

- Introduksjonskurs for fjellstyrene 14. – 15. februar i Øystese.
- Kortutdeling. Underteikna føreslår å gjennomføre dette ifbm Røldalsmarknaden. Skal ein vidareføre tradisjonen med stand på marknaden, så må alle styrerepresentantar ta ein halv dag i lavvoen i løpet av marknaden.
- Underteikna kunne tenkt seg at det nye fjellstyret òg gjennomførte eit allmannamøte...men kanskje greitt me vert litt varme i trøya fyrst?
- Det vert årleg gjennomført eit vår- og haust møte i regi av villreinutvalet. Vår møtet vert i år fredag 12.april.

Underteikna er noko skeptisk til kva konsekvensar det vil få om me «berre» har fire fjellstyremøter i året. Det er likevel ikkje noko poeng i å planleggje for fleire om ein ikkje har behov for det. Anbefalar difor at me forsøkjer oss på fire møter, men heller held moglegheitane opne for ekstramøte om det er naudsynt.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen.

Referat:

Det var semje om å ha møteplanen som skissert i sakshandsaminga som utgangspunkt. Det blir planlagt for eit allmannamøte etter reinsjakta.

Det nye fjellstyret var positive til å halde fram med kortutdeling og eigen stand på marknaden. Kort diskusjon om nytt allmannamøte. Ein planlegg å få gjennomført dette ein gang etter reinsjakta 2024.

Vedtak (sak 11/24):

Møteplan Røldal Fjellstyre 2024 (datoane er vegleiande)	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 29.01	
Måndag 18.03	Høyring villreinutvalet villreinjakt, Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status stølar og hytter
Måndag 27.05	Diverse før sommaren, Røldalsmarknaden
Måndag 18.11	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte



Sak 12/24: Val av vararepresentant til styret i FH as

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Røldal FS er medeigarar i Fjellstyra på Hardangervidda as som er driftsapparatet til alle fjellstyra rundt Hardangervidda. Det er vedtektsfesta at alle fjellstyreleiarar automatisk er styremedlemer i dette selskapet. Varamedlem til styret må veljast av Røldal FS. Siste periode er det Håkon Småbrekke (nestleiar) som har hatt dette vervet.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre sin vararepresentant i FH as vert Nils Vetle Medhus.

Referat:

Det var semje om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 12/24):


Røldal fjellstyre sin vararepresentant i FH as vert Nils Vetle Medhus.

Sak 13/24: Infosak – Utlysing av ledig beite på Haukeli frå 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing (SL):

Når det er beite på statsallmenningen som ikkje blir nytta av bruksrettshavarar kan fjellstyret leige ut beite til utanbygdsbuande (ikkje-bruksberettiga). Fjellstyret har beitekontraktar med tre utanbygdsbuande leigetakarar på Haukeli som gjeld ut 2024. Før fjellstyret tilbyr noverande leigetakarar på stølane beiteleige for ein ny periode, bør det gjerast kjent blant bruksberettiga at det er ledig beite på beitefelt Haukeli Sør og Haukeli Nord. Eit eventuelt



vedtak om å leige ut beite til ikkje-bruksberettiga er eit vedtak etter fjellova som partar i saka (bruksberettiga) skal ha høve til å uttale seg om.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til etterretning.

Referat:

Kort orientering ved leiar og sekretær. Fjellstyret var samde om å snarast informera dei bruksberettiga om at det vert ledig beite f.o.m. 2025. Leiar vil forsøkje å starte dialog med noverande beiteleigerar i løpet av nærmaste framtid.

Vedtak (sak 13/24):

Styret tek orienteringa til etterretning.